

# Møtereferat

## Styremøte i Øvre Naustdal Utmarkslag (ØNU)

Tid: Onsdag 17.03.2010 kl. 20

Stad: Instedalen skule/grendahus

Desse møtte:

Normund Svoen

Olav R. Fimland

Petter Fimland

Odd Vonen

Kjell Klopstad

### Saksliste:

1. Konstituering av styre; det skal utpeikast nestleiar, kasserar og sekretær  
Val av kasserar: Olav R. Fimland  
Val av nestleiar: Odd Vonen  
Val av skriver: Kjell Klopstad
2. Gjennomgang av referat frå årsmøtet (vedlagt)  
Referat vart gjennomgått. Ingen merknad
3. Orientering om høyring ved sporsetting med skuter i Vona-området (vedlagt). Tilleggssak: Snøskredøving.  
Vedtak:  
Leiar tek kontakt med Røde kors for avklaring
4. Gjennomgang av vedtektene (vedlagt). Forslag til endring no ved namneskifte på laget.  
Vedtak:  
Styret går igjennom vedtektene og legg fram forslag til endringar av vedtektene og namneendring til neste årsmøte. Dette vert å sende ut saman med innkalling/sakspapir.
5. Oppretting av nemnder med ansvarlege.  
Vedtak:
  - a. Fiskenemnd: Olav R Fimland og Odd Vonen
  - b. Småviltneemnd: Svein Svorstøl
  - c. Villreinneemnd: Atle FimlandDesse kan nemne opp fleire i sine nemnder når det er behov for det.

- d. Nemnd som tar ansvar for erstatningssaker og lignende etter oppretting av landskapsvernområde: Olav Svoen
6. Utsending av info til medlemene – innhenting av info om mobilnr. og epost. Orientering og drøfting  
Vedtak:  
Leiar tek seg av dette.
7. Samanslåing av årsmøter og felles utsending av årsmøtepapirer frå ØNU og Storvaldet.  
Vedtak:  
Årsmøta i nemnde lag vert å halde på same dag med felles utsending av sakspapir.
8. Ymse.
  - a. Konferanse "Næring og turisme i verneland." Velje utsending.  
Vedtak:  
Olav Svoen og Kjell Klopstad vart valde.
  - b. Utsending til årsmøte i Førdefjella villreinutvalg fredag 26.03 kl. 20, bankbygget Skei i Jølster  
Vedtak:  
Atle Fimland vart vald
  - c. Utsetting av rusa: 31 juli og opptak 16 oktober
  - d. Medlemslista over kven som har heimel til eigedomar i det området laget dekkjer må gjennomgåast. Sak vert å kome tilbake til.

K.Klopstad

Ref